

Radøy kommune

Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Dykkar ref.:

Vår ref.:  
18/277 - 1 / AH / 031

Dato:  
21.06.2018

### **Informasjon om organisasjonsendring hjå IKA-Hordaland IKS**

IKA Hordaland sitt styre vedtok den 19.02.18 at ein skulle sjå nærare på korleis IKA Hordaland er organisert. Det vart satt ned eit organisasjonsutval, med dagleg leiar, tillitsvald og verneombod. Målet med omorganiseringa var tydligare arbeids- og ansvarsdeling, for slik å betre prosessane og kommunikasjon både innad i organisasjonen og ut mot eigarkommunane.

IKA- Hordaland IKS er no delt inn i tre fagområder og eit administrasjonsområde, med ein rådgjevar som kontaktperson på kvart fagområde. Fagområda er som følgjer;

1. Rettighetsdokumentasjon, kontaktperson er Helene Reksten.
2. Administrative arkiv, kontaktperson er Eirik Netteland.
3. Arkivdanning, kurs, formidling og tilgjengeliggjøring, kontaktperson er Anita Haugen Lie.

Administrasjonsområde ved Rune Lothe handsamar avtalar, eigartilskot og fakturering,

På nettsida vår vil de finne utfyllande skildringar om kva dei tre fagområda jobbar med og kontaktinformasjonen til dei einskilde rådgjevarane.

<http://www.ikah.no/b-for-kommunane/b1-vare-tenester/>

Vi ber difor at de tek kontakt med ein av desse personene om de har spørsmål innanfor dei forskjellige fagområda. E-postar sendast som vanleg til postmottaket.

Har de spørsmål om denne saka ta kontakt med Rune Lothe.

Vh.

Med venleg helsing

Anita Haugen Lie  
Rådgjevar

Rune Lothe  
dagleg leiar

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.